

NORSK | NORWEGIAN

sing me in

collective singing in the integration process of young migrants



Å arbeide i eit skulemiljø

Free handbook

www.SingMeIn.eu

Utgjevar

Denne handboka er utgjeven av European Choral Association – Europa Cantat (Weberstrasse 59a, 53113, Bonn, Tyskland) for prosjektet «Sing Me In».

Handboka kan lastast ned, delast og skrivast ut fritt.

Teksten, som er skriven av dei deltakande organisasjonane, ligg under lisensen «Creative Commons Attribution 4.0 International Public License». Han kan delast og tilpassast etter visse vilkår: <https://creativecommons.org/licenses/by/4.0/>



Sitat, musikkdøme og bilete kan ha annan opphavsrettsleg status, som me har freista å klårgjere for kvart tilfelle.

Deltakarar i prosjektet

Prosjektet Sing Me In vart samordna av

European Choral Association - Europa Cantat (DE) www.europeanchoralassociation.org



saman med:

Estonian Choral Association (EE) www.kooriyhing.ee

Sulasol (FI) www.sulasol.fi

Ung i Kor (NO) www.ungikor.no

ZIMIHC (NL) www.zimihc.nl

Koor&Stem (BE) www.koorenstem.be


A Coeur Joie (FR) www.choralies.org

Musica International (FR) www.musicanet.org

Moviment Coral Català (CAT/ES) www.mcc.cat

Koro Kulturu Dernegi (TR) www.korokulturu.org

Fayha Choir (LB) www.fayhachoir.org



SULASOL



Dette prosjektet er finansiert med støtte frå Europakommisjonen.

Denne publikasjonen viser berre synet til forfattaren, og kommisjonen kan ikkje bli halden ansvarleg for korleis informasjonen eventuelt kan bli brukt.



Erasmus+

Bidragstatarar

Mange har bidrege til prosjektet, og sett av tid og energi på å korrekturlese, omsetje, og stille saman informasjon og tekstar. Du finn ei lista på nettsida www.singmein.eu.

Redigeringa av handbøkene vart gjord under oversyn frå:

Burak Onur Erdem, Ingvill Espedal, Côme Ferrand Cooper, Sonja Greiner, Lucille Lamaker, Gautier Lemoine, Olav Øyehaug Opsvik, Pierre-Luc Pfrimmer, Liesbeth Segers, Çağlar Tosunoğlu, Marina Velasquez and Jean Claude Wilkens.

Table of Contents

Velkomen til Sing Me In!	5
Kva handlar prosjektet «Sing Me In: Samsong som ein del av integreringsprosessen for unge migrantar» om?	5
Bidraget vårt: fire handbøker du kan laste ned.....	7
Song som ein reiskap for deltaking i skulen	8
Denne boka er for deg om.....	8
Kvifor skal du bruke samsong som eit integreringsverktøy i skulen?.....	9
Så, no byrjar me!	12
Vel aktiviteten din.....	12
Skap ein gunstig samanheng.....	16
Finn ut av kva de skal syngje.....	19
Ta pennen fatt og køyr i gang!	23
Sjekkliste.....	23
Resursar og referansar.....	24



ECA-EC

Velkommen til Sing Me In!

Kjære lesar,

takk for at du tek deg tid til å lese denne handboka. Me vonar verkeleg at ho skal vere til hjelp for deg, og at ho skal motivere deg til å setje i stand nye musikalske prosjekt. Denne handboka er ein del av ein serie på fire handbøker, som har vorte utvikla innan rammene for eit europeisk prosjekt som har gått frå 2016 til 2018. I denne innleiinga skal me kort presentere kva prosjektet handlar om, og korleis du kan få nytte av det.

Kva handlar prosjektet «Sing Me In: Samsong som ein del av integreringsprosessen for unge migrantar» om?

Nokre unge menneskjer lauper større risiko enn andre for å hamne utanfor på grunn av deira sosio-økonomiske bakgrunn, kvar dei bur, bakgrunnen deira som migrantar, eller av andre grunnar. Prosjektet Sing Me In ynskjer å gje barne- og ungdomskorleiarar, eller andre interesserte, ulike pedagogiske arbeidsmåtar og verktøy, som let det å syngje saman bli ei positiv kraft i integreringsprosessen for unge menneskjer som risikerer å hamne utanfor.

Elleve ungdomsorganisasjonar frå ti land, som alle arbeider med samsong, opplevde alle at dei ynskje seg strukturerte verktøy dei kunne bruke for å kome til rette med desse problema. Ungdomsorganisasjonar verda over delar same utfordringar, og er berre delvis medvitne om dei ulike løysingane som har vorte utvikla i andre europeiske land. Deltakarane i dette prosjektet ynskje å kome til rette med dette på europeisk nivå, for å forsikre seg om at heile feltet, og så mange unge menneskjer som mogeleg, kan dra nytte av det.

Desse elleve organisasjonane gjekk saman og tok i bruk heile nettverka sine for å samle inn gode døme på korleis ein gjorde dette i deira respektive profesjonelle og geografiske område. På grunnlag av dei mange innspela frå feltet, og med innspel frå ekspertar og utøvarar, valde dei å gå saman for å utvikle eit nyskapande pedagogisk materiale.

Det viktigaste produktet frå prosjektet er tre handbøker og ei tilpassa repertoarsamling, som rettar seg mot barne- og ungdomskorleiarar og -lærarar. Dei inneheld råd om repertoar, fallgruver ein bør unngå, døme på gode metodar, kommunikasjonsstrategiar, finansieringstips, retningslinjer for å førebu songarar, og så bortetter. Handbøkene er tilgjengelege på elleve språk for å nå ut til flest moglege ungdomsarbeidarar i Europa, og på andre stader.

For å nå ut til så mange som moglege som moglege, har me organisert ein serie med nasjonale og internasjonale spreingstiltak, gjennom seminar og konferansar der målgruppene våre er samla. Desse samlingane er eit høve å nå ut til aktive utøvarar, som i sin tur vil bruke metodane, og spreie dei vidare.

Antropologisk forskning tyder på at menneskerøysta sannsynleg var mellom dei fyrste instrumenta som vart nytta av menneskjer for å lage musikk saman, og at det hjelpte medlemmar i ei gruppe å utvikle ulike evner, til å dele kjenslene sine, og til å organisere samfunnslivet. Samsong gav ei kjensle av samhøyr. Sing Me In tek såleis ein tusenårig tradisjon i bruk, for å føre oss vidare i framtida. Prosjektet skal gje oss nyskapande og verknadsfulle reiskapar, som kan hjelpe unge menneskjer å møtast utan fordommar, å tileigne seg nye evner, og å kunne gå inn i eit produktivt og balansert tilhøve til samfunnet.

Kvifor skulle samsong kunne vere til nytte i integreringa?

Samsong er ei sosial handling – det handlar om å syngje saman. Å syngje saman kan skape eit sterkt band av delte kjensler og glede, også mellom menneskjer med svært ulike levemåtar. Ein ny relasjon kan byggjast på å dele denne kjensleopplevinga, som har både venleik, hardt strev, og glede i seg. Song i seg sjølv er sjølvstekt berre eit verktøy for å jamne ut statusen mellom deltakarane, når me syng er me fyrst og fremst songarar, som samarbeider for å oppnå eit felles musikalsk mål. Det gjer eit nytt tilhøve moglege, som byggjer på likskap – me er alle songarar her – og som kan nyttast for å sjå forbi skilnadene ein kan oppleve, og oppnå samtale og forståing. Likevel er ikkje dette ikkje eit unikt verktøy, samsong er berre eitt verktøy mellom mange andre for integrering og inkludering, som til dømes andre musikalske aktivitetar, idrett, utdanning, arbeid, samfunnsarbeid, og så bortetter. Desse og mange andre aktivitetar delar same mål.

Her kan me sitere Anne Haugland Balsnes¹:

«Sangstemmen er en del av kroppen og nært knyttet til pusten. Derfor gir sang fysisk avspenning, trener muskler, skjelett og lungekapasitet, og gir en generell opplevelse av fysisk velvære. Korsang gir dessuten glede og oppstemthet i tillegg til en generell opplevelse av følelsesmessig velvære. Å synge i kor beskrives som å få et kick, som en forelskelse eller som en rus man kan leve lenge på. Slike gode opplevelser er betydningsfulle for helse og livskvalitet. Noe av det viktigste for å bli integrert i et nytt land, er å lære språk. I et kor kan man lære et nytt språk i en uhytidelig sammenheng, både ved hjelp av kommunikasjonen som foregår på korøvelsene og sangtekstene. Man trenger ikke snakke språket flytende for å være med som fullverdig kormedlem. Sosiale kontakter er også avgjørende for integrering, og koret bidrar i så måte.

Å synge i kor er den aller enkleste måten å musisere på siden selve instrumentet – sangstemmen – er en del av kroppen. Man trenger kun en gruppe mennesker, et sted å være og en korleder for å lage et kor. Det er likevel ingen selvfølge at et kor skal gi alle de gode gevinstene som er nevnt ovenfor. Det er avgjørende at både den sosiale og musikalske delen av korpraksisen er preget av gjestfrihet.»

Prosjektnamnet brukar orda «samsong som ein del av integreringsprosessen for unge migrantar». Når me diskuterer ordvalet her under, ynskjer me å vise at hovudsaklege mål er å støtte opp under prosessar og prosjekt som hjelper folk å sjå forbi det som er ulikt. Som ei fylgd av dette vil dei med tida oppdage måtar å få individuell kontakt med andre, og skape nye band og ei kjensle av å høyre til i same gruppe. Unge migrantar, som anten nett har kome eller har funne seg til rette i familiar med synleg migrasjonsbakgrunn, er ein del av våre europeiske samfunn. De studerer, arbeider, leiker, talar, og flyttar in med resten av generasjonen sin, og er ein del av morgondagens generasjon av vaksne. Måten dei stiller seg til omgjevnaden sin, og måten omgjevnaden er imot dei, vil delvis definere korleis samfunna våre vil verke i dei komande åra. Sjølv om du mest sannsynleg lasta ned denne handboka frå verdsveven, trur me me ikkje at digitalt nettverksarbeid og virtuelle samfunn er svara på utfordringane framfor oss. Me treng kontakt, utveksling, samtale og samarbeid i det verkelege livet.

¹ Balsnes studerte KIA multikulturelle gospelkor i Kristiansand under våren 2012. Koret er del av KIA, som står for Kristent interkulturelt arbeid. Studiane bygde på deltakande observasjon og intervju, og fokuserte på medlemmar med bakgrunn som flyktningar.

Samsong er ei svært fleksibel kunstform, som berre blir definert av metoden, det å syngje saman, og såleis kan ta til seg og tilpasse seg nytt musikalsk og kulturelt innhald. Denne kjensla av samhøyr, av å møtast fredeleg, er i sjølv hjarta av dei europeiske idéane, slik dei blir levande i mange initiativ, mellom og utover institusjonane i EU.

For kven er dette prosjektet?

- **Sluttmål:** Prosjektet siktar på å vere til nytte for unge menneskjer
 - som anten bur i Europa eller på ein annan stad.
 - som anten kan vere ein del av kulturen i vertslandet eller kome frå andre kulturelle bakgrunnar, som migrantar eller flyktningar.
 - som anten er songarar, eller kjem til å bli det.
- **Direkte mål:** Handbøkene skal hjelpe
 - dei som arbeider profesjonelt med born og ungdom, som barne- og ungdomskordirigentar eller sosialarbeidarar.
 - lærarar og musikk lærarar som ynskjer å arbeide med born og unge frå ulike bakgrunnar.
- **Spreiing:** For å dele med oss av dei reiskapane me har utvikla, samarbeider me med eit breitt nettverk av
 - organisasjonar som når ut til dei som arbeider profesjonelt med ungdomar.
 - organisasjonar som kan syne fram døme på godt arbeid, og spreie resultatata frå prosjektet, deriblant handbøkene og repertoarsamlinga.

Bidraget vårt: fire handbøker du kan laste ned

Resultatet av arbeidet vårt er tre handbøker og ein rettleiar til repertoar, som du kan laste ned gratis frå www.singmein.eu

- «Sing Me In: Å syngje med grupper av unge flyktningar»
- «Sing Me In: Å inkludere unge med migrantbakgrunn i eksisterande kor»
- «Sing Me In: Å arbeide i eit skulemiljø»
- «Sing Me In: Repertoarsamling» [Repertoire Guide]

Kvar av dei tre handbøkene er tilgjengeleg på elleve språk: arabisk, engelsk, estisk, finsk, fransk, katalansk, nederlandsk, norsk, spansk, tyrkisk og tysk. Om du er interessert av å bidra med ei omsetjing til ditt eige språk, ikkje nøl med å ta kontakt! Om du vil vite kva andre omsetjingar som kanskje har kome i mellomtida, sjå på nettsida www.singmein.eu.

Kva ventar me oss?

Me vonar...

- å få sjå at handbøkene våre bidreg til at fleire integreringsprosjekt blir skipa.
- å få sjå vanlege kor ta inn songarar med meir varierende bakgrunn.
- å få sjå elevar og klassar dra nytte av songaktivitetar, slik at dei kan få til dømes betre studieresultat og klasseromsdynamikk.
- å få sjå at alle som deltek og organiserer blir løna med glede og moro, og får dele låtten og musikken.

For å oppnå det, treng me di hjelp! Om du likar desse handbøkene, del dei med vener og kollegaer. Og om du ikkje likar dei, sei frå om kva me kan gjere betre!

Nokre forklåringar om omgrepa me har valt

Det engelske namnet på prosjektet er «Sing Me In: Collective singing in the integration process of young migrants». Her skal me forklåre ordvala me har gjort.

[...] samsong [...]

Sjølv om dei fleste av deltakarane i dette prosjektet driv med korsong, trur me at alle former av samsong kan gje gode resultat. Det tradisjonelle koroppsettet – ein dirigent, notar og songarar i stemmegrupper – er ikkje det einaste formatet som verkar med dette prosjektet. Vår tilnærming vil altså dekke all slags delt songaktivitet, a cappella eller med instrumentar, einstemt eller

fleirstemt, og med alle slags repertoar og stilar. Vår viktigaste tilgang er den svært nære og einande opplevinga av røyster som blandar seg.

[...] integreringsprosess [...]

Me har heile tida vore medvitne om at omgrepet «integrering» kan bli sett på som gamaldags, feil, eller politisk ukorrekt, i somme land, kulturar eller språk. Målet vårt er ikkje å avgjere om migrantar skal «integrerast» eller «inkluderast», eller noko anna ord. Målet vårt er å bidra med idéar og verktøy som kan tilpassast til totalt ulike samanheng, der folk frå ulike bakgrunnar fredeleg må leve sandre og dele ting. Kort sagt, rett og slett å gjere livet betre for alle som er med.

Tenk på at den prosessen kan måtte gå begge vegar. Vertskapskulturen må tilpasse seg akkurat som kulturen til migrantane. I vår mangslungne verd må alle tilpasse seg.

[...] unge [...]

Prosjektet fokuserer på unge migrantar. Med «ung» meiner me folk i dei formative åra sine, inkludert born frå barnehagealder og oppover, til dei når vaksenlivet. Der me har ei særskild aldersgruppe i tankane, skriv me dette. Dette er sjølvsagt eit konsept med varierende innhald, som kjem an på landet, kulturen, og den sosio-økonomiske situasjonen. Du kjem også til å merke at me av og til skriv om aktivitetar som blandar generasjonar som eit verktøy for integrasjon, eller til og med at me tek inn ting som var utvikla for vaksne, men der me kan trekkje ut viktig informasjon me sjølve kan dele vidare. Omvendt kan også mange av tipsa og tankane som me nemner i handboka, også bli brukte når ein arbeider med vaksne i ein tilsvarande samanheng.

[...] migrantar [...]

Ifylgje UNESCO kan termen «migrant» tolkast som «kven som helst som kortvarig eller permanent bur i eit land der han eller ho ikkje vart fødd, og som har fått tydande sosiale band til landet». Denne definisjonen inkluderer både flyktingar og asylsøkjjarar. Prosjektet vårt har likevel ei breiare omfatning, og inkluderer potensielt unge menneskjer med migrantbakgrunn – fyrste, andre eller til og med tredje generasjon – som kan trenge vidare integrasjon eller inkludering i vertskulturen. Me er fullt medvitne om at det finst unge migrantar som allereie er integrerte, og ikkje treng støtte. Det er også lik at mange av tipsa og tankane me har samla kan nyttast når ein arbeider med unge ikkje-migrantar, som ikkje har tilgang til kulturell verksemd, og som er vanskelegstilt, anten sosialt eller på andre måtar.



Clément Vidal

Denne boka er for deg om...

Du er lærar

Ingen kjenner klassen din betre enn du gjer. Du kan sjå kven av borna som treng støtte, og kven som kan arbeide sjølvstendig. Du veit korleis stemninga i gruppa kan endre seg, når dei er fokuserte, når dei har lyst å lære, eller når dei er trøytte om vinteren. Du kan sjå korleis venegjengar blir danna, og korleis banda mellom borna kan endre seg.

Kanskje har du nokre elevar med migrantbakgrunn, nokre som nett har kome, nokre som talar fleire språk, heime, med vener, og på skulen. Du legg all din kunnskap og energi i å sjå til at dei alle saman har høve til å utvikle seg til å bli så gode som dei kan bli. Med denne handboka vil me tilby nokre reiskapar, slik at du kan freiste å nytte song som ein del av det arbeidet. Sjølv om du ikkje kan syngje, eller er så god i musikk – då ynskjer me å få syngje deg inn.

Du driv med ettermiddagsaktivitetar etter skuletid

Skulane er ikkje berre i bruk til sjølve undervisinga. Det er vanleg at også friviljuge, foreldre, eller andre organisasjonar nyttar skulebygninga etter skuletid, til andre slags aktivitetar med born. Song og musikk er perfekte verktøy, og då kan kanskje denne boka inspirere deg.

Du er musikk lærar

Me treng ikkje å overtyde deg om kor viktig det er med musikk i skulen, eller i livet, for den delen. Men me ynskjer å bidra med lite råd og idéar, tankar om nyttig repertoar, og kanskje nokre nye måtar og metodar som kan hjelpe born med å dele kulturen sin med venene sine, og med deg.

Du er kordirigent eller muskar

Spelar eller syng du ofte med born, i eit klasserom eller etter skuletid – eller skulle du vilje gjere det? Denne rettleiaren kan hjelpe deg å arbeide med born som av og til ikkje har nokre røynslar med song frå før, eller ikkje likar å syngje i fyrstninga. Kanskje ho kan hjelpe deg å finne gode argument for å setje i gang eit slikt opplegg, eller etablere eit grunnlag for å kunne samarbeide med lærarane og skuleadministrasjonen.

Du arbeider i skuleadministrasjonen

Du, eller det arbeidslaget di, har lyst til å byrje med noko som kan auke deltakinga til alle born, og som kan rette seg mot utfordringar med språktileigninga. Du ynskjer å styrkje den kulturelle dimensjonen i skulens oppdrag, samstundes som du vil betre læreevnene til elevane. Kanskje nokre elevar frå andre land nyleg har kome til skulen din, og du ynskjer å finne ein måte å få dei til å kjenne seg velkomne i det nye landet. Ta eit møte med lærarane dine for å diskutere denne handboka, kanskje det hjelper deg å finne trivelege, realistiske og verknadsfulle tiltak for skulen din.

Du er forelder

Du er ein forelder som engasjerer seg i skulen, og du vil skipe eller bidra til ein aktivitet med samsong, for å stimulere integrasjonen og deltakinga for born med migrantbakgrunn. Denne teksten kan i så fall vere eit godt utgangspunkt for å diskutere med skuleadministrasjonen, lærarane, og muskarane.

Du driv med sosio-kulturelt arbeid

Du held på med å utvikle, deltek i, eller driv ulike inkluderings- og integreringstiltak, og ynskjer å arbeide med samsong som eit verktøy innanfor rammene til eit prosjekt du driv i samarbeid med skulen. Det kan vere hovuddelen av prosjektet, eller berre ei sideverksemd som de brukar for å arbeide med visse typar av sosiale vanskar. Me vonar at denne handboka kan bidra med gode råd, og kan setje deg på rett spor når du skal samarbeide med andre.

Du er elev eller student

Du er ein ung elev eller student, som likar å syngje. Du vil få opp songaktivitetane på skulen, gjennom å syngje på skulegarden eller gjennom å skipe eit skulekor. Skulen din er interessert i å drive med elev-til-elev-undervising, og støttar idéen din. Då kan denne boka hjelpe deg med verdfulle framlegg.

Kvifor skal du bruke samsong som eit integreringsverktøy i skulen?

Samsong er eit kraftfullt verktøy for integrering

Som me har forklært her ovanfor, er samsong til sin natur ei sosial handling: det handlar om å syngje saman. Å syngje saman kan skape eit sterkt, kjensleladt og glededyt band mellom folk med svært ulike levemåtar. I den delte kjensleopplevinga, der ein finn både venleik, hardt arbeid og glede, kan ein ny relasjon oppstå og vekse. Når me

syng er me i fyrste hand songarar, som samarbeider for å skape eit felles musikalsk resultat. Det gjer det mogeleg å få eit nytt tilhøve mellom folk, som byggjer på likskap, og som ein kan nytte for å kome forbi det ein opplever som ulikt. Då kan ein også nå fram til dialog og innbyrdes forståing.

Song har vist seg å ha gode effektar på sosialiseringa og læringsprosessen for elevar

Samsong har positiv verknad på elevar, på mange plan. Born som lærer seg å syngje saman, lærer seg også å samarbeide, å høyre godt på kvarandre, og å løyse problem saman. Å syngje stimulerer i tillegg fantasien, og skjerper sansane. For elevar med migrantbakgrunn er det også ein leiken og effektiv måte å tileigne seg språk, som tek den naturlege forståinga for syntaktiske formar og ordtilfang i bruk. Sist, men ikkje minst, gjer det å delta i samsong at borna får betre sjølvkjensle og oppleving av å høyre til.

Det finst eit rikt tilfang av vitenskapleg litteratur om nytta av samsong i utdanninga. Professor Graham F. Welch (2015) frå Institute of Education ved University of London har samanstilt utbytet av samsong for born i fem ulike kategoriar.

Nytte	Døme
Fysisk	<ul style="list-style-type: none"> • Anding og hjartefunksjon. • Utviklinga av grov- og finmotorikk i røystsystemet. • Hjernefunksjon.
Psykologisk	<ul style="list-style-type: none"> • Mellommenneskjeleg kommunikasjon, og utvikling av individuell identitet, både i og gjennom musikken. • Song er katartisk, og gjev oss utlaup for kjenslene våre. • Mellommenneskjeleg kommunikasjon: Det å syngje godt gjer det mogeleg for oss å maksimere vår potensiale til å kommunisere med andre.
Sosialt	<ul style="list-style-type: none"> • Ei auka oppleving av å vere sosialt inkludert.
Musikalsk	<ul style="list-style-type: none"> • Innsikta i det musikalske potensialet vårt: Å syngje byggjer opp vår intellektuelle omgang med musikk. • Skapinga av eit individuelt musikalsk repertoar, anten som lyttar, som utøvar eller begge delar.
I utdanninga	<ul style="list-style-type: none"> • Auka kunnskap, forståing og evner om verda rundt oss, både i og gjennom musikk. • Det å syngje kjem sannsynleg til å gjere deg meir kompetent i eige språk, og gjere leseevnene dine betre. • Å lese songtekstar og å lese musikk blir gjennomført på den same staden for avkoding av symbol i hjernebarken.

Skulen din er ein perfekt stad for å ta i bruk samsong

Ein skule er ei ganske særskild form for sosial samanheng. Skulen fører unge menneskjer saman, med det å førebu dei til å bli gode medlemmar av samfunnet som uttalt mål. Me trur at den samanhengen kan gje særskilde fordelar for integrering gjennom samsong.

- Ein treng ikkje å rekruttere deltakarane, elevane er allereie der, og aktivitetane er det skulen, gjennom lærarar og administrasjon, som avgjer.
- Skulen tilbyr ein ferdig blanding av opphav og kulturar. Elevane tek med seg eit breitt utval av nasjonalitetar, språk, sosio-økonomiske situasjonar og kulturelle vanar.
- Skulen har allereie ein etablert legitimitet. Folk litar på læraren som ein som skal hjelpe elevane med kunnskap og utvikling.

Det finst sjølvstøtt også nokre særskilde utfordringar.

- Pengar og kunnskap: Skulen kanskje ikkje har råd å ta inn profesjonelle musikarar, og lærarane kan kjenne at dei ikkje har kunnskapen dei skulle trenge.
- Elevane må kome, dei har ikkje sjølve valt å vere med på samsong. Opplevinga må vere overtydande for at elevane skal setje pris på ho.
- Det kan finnast avgrensa med tid for ting som ser ut å liggje utanfor læreplanen. Pressen om å kome gjennom dei offisielle krava kan gje samsong lægre prioritet.

I denne vesle boka freistar me å gje deg nokre moglege løysingar på den typen av utfordringar. Om du allereie har song som aktivitet på skulen, kan handboka «Sing Me In: Å inkludere unge med migrantbakgrunn i eksisterande barne- og ungdomskor» også vere til nytte.

Du får det til!

Det skal ikkje mykje til for å få i gang ein aktivitet med samsong i klasserommet eller i skulen. Det einaste du treng er at dei som held i det er motiverte. Du treng ikkje særskilde kunnskapar, du treng ikkje å leggje store mengder tid på å syngje, 5-10 minutt om dagen er nok, og du treng ikkje å planleggje ein konsert for 2000 i det lokale operahuset. Men sidan du fyrst les denne handboka er du allereie der! Me skal no gå gjennom nokre av aspekta som kan hjelpe deg å avgjere kva som er det beste alternativet i ditt tilfelle.

Å bruke eksisterande verktøy for å få elevane til å syngje

I dei fleste fall kan lærarar leie songaktivitetar, som kan vere til nytte for elevane, klasseromsdynamikken og læringsevnene, sjølv om dei ikkje kjenner at dei kan syngje sjølve. Me kan sjå det på denne måten – målet er jo å få borna til å syngje saman, å utbytte kulturelt innhald, og skape nye band, så songrøysta til læraren er berre ein liten del av det heile. Lærarens rolle er ikkje å leie ei framføring i verdsklasse, men å bruke sine pedagogiske evner til å få born til å syngje.

Mange verktøy og metodar gjer det moglege å arrangere song i klasserommet utan å kunne så mykje på førehand. Me har skrive ned nokre av dei i resursbanken på www.singmein.eu. Eit døme er Voces8, som kan styrke gruppesamhaldet og læreevnene gjennom å berre leggje nokre få minutt med leksjonstid til å syngje kvar dag. Det finst ferdige cd-plater ein kan syngje til, og videoar på nettet, som ein kan nytte som hjelp, utan å måtte bruke notar. Nokre resursar er særskilt for mellomkulturelt arbeid, og til å arbeide med born frå ulike kulturelle opphav, og kan difor vere ekstra nyttige i denne samanhengen.

Du kjem langt med fem minutt om dagen

Ein kan oppleve nytta av å syngje i klasserommet allereie etter kort tid. Om du berre legg inn nokre få minutt med song kvar dag, i byrjinga av dagen, eller for å akkompagnere eller ritualisere særskilde klasseromsaktivitetar, som å rydde, rett før matematikk, eller før ein har diskusjonar i klasserommet. Song gjev høgare energi, hjelper tankane å samle seg, og bidreg til god pust og avslapping.

Sjølvsagt er det slik at det å bruke meir tid på song kjem til å auke verknaden like mykje, og i tillegg gje deg høve til å opparbeide eit variert repertoar, og ein betre samanheng med integrering, deltaking og mellomkulturelt samarbeid. Men om dette er fyrste gongen du arbeider med samsong, eller om du ikkje finn eller har råd til utdanna musikarar eller anna hjelp – sats på det enkle, og fokuser på å ha kvalitet i relasjonen med elevane. Neste år er du klar til å ta det eit steg vidare!

Å syngje saman er ein måte å lære for både elevar og vaksne

Ein aktivitet med samsong, som er særskilt utvikla til å styrke integrasjonen og deltakinga, har ein annan status enn ein vanleg undervisningssituasjon, der lærarar gjev borna stoffet og metodane. Om lærarane ikkje tek på seg ekspertrolla, men i staden gjev eit tydeleg og ryddig rammeverk, kan aktiviteten bli ein delt læringsprosess, der musikk, idéar og historier blir delte og eksperimentert med. Rolla til læraren her er å vere han som gjer det moglege, og som utfordrar elevane til å dele og oppdage dei andre sine evner, kunnskap og kultur.



Så, no byrjar me!

Så, sidan du framleis les denne handboka går me ut frå at du er overtydd om at samsong kan vere både viktig og nyttig for elevane dine. Du er overtydd – men er du klar? No byrjar me!

Vel aktiviteten din

Å skjøne kva gruppa ynskjer seg

Før du byrjar er det viktig at du og elevane dine saman set opp eit mål. Sjå til at du unngår ei misforståing om kva songen skal vere. Sjølv om musikk er universelt, må tilnærminga di til musikken å vere inkluderande. Kva er musikk, song og samsong for elevane, og kva kjenner dei kring det? Er det det same eller annleis i ulike kulturar? For nokre av dei er kanskje musikk noko folk tevlar i på fjernsyn. Andre har kanskje musikarar i familien, eller har i alle fall vore på konsertar med levande musikk. Andre kanskje allereie syng eller spelar eit instrument.

Korleis kan du få til at alle er samde om dette? Sjå om du kan få greie på kva musikk elevane høyrer på, og kva røynsler dei har frå å lage musikk tidlegare. Finst det andre faktorar du bør tenkje på? Med utgangspunkt i det kan du så velje kva innfallsvinkel du trur vil høve dei best, om det rører seg om å syngje sjølve, eller å byrje med å lytte saman. Med eldre born kan du ha ein gruppesamtale om musikk, der du til dømes viser dei bilete av ulike slags musikarar i ulike samansetjingar, og spør dei om kva dei tenkjer om det dei ser. Målet her er å byggje opp under ein sams aktivitet, slik at gruppa oppdagar at alle musikalske aktivitetar treng at fleire ulike aktørar samarbeider, om det så er songarar, instrumentalistar, tonesetjarar, publikum, teknikarar, arrangørar, produsentar, eller nokre heilt andre.

Ver varsam med at ikkje alle elevar kanskje har lyst å syngje i fyrstninga. Somme kanskje likar å stikke seg ut, medan andre er litt blyge. Dei kan du inkludere på andre måtar, gjennom å til dømes late dei spele eit enkelt slagverksinstrument. På den måten kan du skape eit trygt miljø, der alle kan kjenne seg inkluderte.

Lag planar, men tilpass deg

Kva slags mål har du, og kva stadium må du gå gjennom. Kva slags endringar og utvikling ventar du deg frå prosjektet?

Aktiviteten din kjem, som alle prosjekt der ulike menneskjer er innblanda, å utvikle seg litt annleis enn det du hadde tenkt deg. Om du held det formelle for deg sjølv, og held målsetjinga i bakhovudet, kan du tilpasse deg dei endringar som kanskje dukkar opp. Du må vite kvar du vil, men du må likevel vere klar for å ta ein snarveg eller bytte retning heilt. Det tyder at du treng å førebu mange ulike slags aktivitetar og ulike didaktiske verktoy allereie før du byrjar å syngje med borna. Hald det enkelt, men ver drivande, slik at du held elevane opptekne med å lære og å oppdage.

Særskilde utmaningar for elevar med migrantbakgrunn

Uansett bakgrunn er alle born og unge i grunnen like. Dei har same evner og potensiale, sjølv om dei kan ha ulike dugleikar, vanar og livssyn. I dei aller fleste tilfella kjem ulikskapane ikkje å merkast når de syng saman, men av og til kan det dukke opp særskilde problem, som i alle pedagogiske prosessar.

Her under har me skrive ned nokre døme på ulike utfordringar du kan møte, og peika på korleis ein kan løyse dei. Dette er ikkje ei uttømmande liste, men som leiar vil du måtte vere var på dei meir subtile tinga. Sjå om du kan finne ut av det, slik at du kan finne løysingar som er gode for gruppa.

Utfordringar når ein skal kommunisere med gruppa – og praktiske råd

Sjå til at instruksjonane er tydelege	<ul style="list-style-type: none"> • Snakk langsamt og tydeleg. • Understrek viktige ord. • Bruk enkle frasar, og unngå komplekse samansetjingar eller passivkonstruksjonar. • Unngå metaforar, om du ikkje har lært borna dei på førehand. • Bruk lettfattelege ord, og gjerne ord som høyrer liknande ut på andre språk. • Bruk fleire synonym. • Gje døme på ting du seier. • Ver så konkret som du maktar, slik at dei kan kople det du seier til det dei ser. • Bruk bilete, gjenstand, gestar, ljodar og musikk. Vis, ikkje forklår!
Gjer det lett for dei å utbytte informasjon inne i gruppa.	<ul style="list-style-type: none"> • Ver open mot borna, ha augnekontakt, smil, og hels på dei på deira eige språk. • Ikkje snakk for lenge i gongen, gje rom for spørsmål. • Sjå til å oppmuntre all dialog. • Lat borna seie feil, men sjå til at du som lærar alltid talar korrekt, og i fulle setjingar. • Om nokon seie feil skal du ikkje gjenta feilen, men heller nytte rett ord i svaret.

Utfordringar med ulike musikalske kulturar

<p>Tenk på at somme kulturar nyttar andre rytmar, skalaer og stemningar, til dømes i Tyrkia, arabarlanda, India eller Indonesia. Ver medviten om at det kan vere vanskeleg for borna å syngje i ulike tonesystem, eller å skifte til ein ny songteknikk, og til dømes bruke hovudklang.</p> <p>Songen kan også bli påverka av at ulike språk på ulike måtar legg trykk på visse konsonantar og vokalar.</p>	<p>Å vere annleis skal ikkje vere eit handikapp. Du kan til dømes freiste å syngje ein enkel song på eit anna språk sjølv, slik at alle kan oppleve kor vanskeleg det kan vere på ein morosam måte. Lat morsmålstalarane i gruppa di få vere ekspertane.</p>
<p>Sjå til at borna blir vane ved å syngje saman. I ein del kulturar er det uvanleg med framføringar av levande musikk, korkje organisert eller i heimen, eller at ein nyttar røysta til å syngje.</p>	<p>Det beste er å gå på ein konsert i skuletida, men du kan også leggje nokre få minutt berre på å sjå på filmar der folk syng saman. Det kan gje eit bilete av kva det handlar om.</p>
<p>Ver varsam med at ein i visse kulturar kan mindre komfortabel med å nytte kroppen i gruppeaktivitetar. Det gjeld både for om ein trommar på kroppen, om ein rører ved kvarandre, eller kryssar intimgrensa på ein annan måte. I andre kulturar er dansing og kroppskontakt vanlegare. Dette er tankar som elevane kan ha teke med seg.</p>	<p>Ta ein samtale om det med elevane og deira føresette. Sjå til at du alltid understreker at til dømes kroppstromming handlar om å lage musikk.</p>
<p><u>Utfordringar som handlar om helse</u></p> <p>Mange flyktningborn lid av fylgdene av kronisk stress.</p>	<p>Born må få kjenne seg trygge, slik at dei kan få fokusere på å lære seg ting att. Det finst ein del ting du kan tenkje på når du arbeider med flyktningborn. Sjå om du kan:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skape ei kjensle av tryggleik. • Stimulere til gode tilhøve mellom dei, ein og ein. • Styre kjenslene. • Styre åtferda. • Få med foreldra. • Finne hjelp både til borna og til deg sjølv. <p>Musikalske aktivitetar kan hjelpe flyktningborn gjennom å auke opplevinga av tryggleik og av å høyre til, og styrke motstandskrafta.</p> <p>Vil du vite meir? Dette gratis nettkurset kan vere til hjelp: https://www.augeo.nl/en/theme/refugee-children/free-online-course/ (finst på engelsk, tysk og nederlandsk).</p>

Mennesker som har opplevd ulike trauma kan ofte ha kroppslege blokkeringar, som uroleg anding og fysisk stress. Musikk kan bidra til å vekke sterke kjensler.

Musikk kan framkalle heile spektret av menneskelege kjensler. Når ein arbeider med born som kan ha trauma frå migrasjonsreisa, arbeid med haldningane i gruppa, som respekt, å høyre godt på kvarandre, å oppmuntre og setje pris på kvarandre, i staden for å sjølv freiste å løyse eit mogeleg trauma.

Å arbeide med eit trauma frå ein konflikt er bortom det denne rettleiinga tek føre seg, og sannsynleg bortom kva ein kan løyse med berre song. Om du oppdagar åtferd som peiker i den retninga, slik som ekstrem introversjon eller ekstroversjon, apati og aggressivitet, fråvære av sosial kontakt, eller andre ting, kan musikk vere eit verktøy i ein strategi som i så fall må utviklast saman med psykologar eller spesialpedagogar.

Utfordringar med kulturelle eller religiøse normer

Ein del elevar trur kanskje at deira kultur eller opphav forbyr dei å vere med på visse delar av samsongsaktivitetane, til dømes det å ha blanda kjønnsgrupper, å syngje fleirstemt, å ha offentlege framføringar, å syngje profant repertoar, og så bortetter.

Desse elevane spør kanskje seg sjølve om dei får lov til å delta fullt ut.

Les deg opp på spørsmålet. Få greie på tilhøvet mellom visse kulturar og song. Spør elevane eller familieane deira om dei kan finne dømes på kjende songar i deira opphavskulturar.

Ta diskusjonen om dette direkte med elevane for å skjønne kvar problemet verkeleg ligg. Er det det å syngje i gruppe, å gjere konsertar, ein særskild song, øvingstida, eller noko anna? Sjå om du kan løyse det problemet, ikkje det du trur det kan vere.

Om du treng det kan du snakke med kollegaer, gjerne nokon med same bakgrunn som foreldra til borna. Du må også ha ein open samtale med skuleadministrasjonen. Dei veit ofte meir om kva slags bakgrunn borna har, og korleis ein skal evaluere dei.

Sjølvsagt kan ein dialog med foreldre og føresette vere nykelen til å løyse den slags spørsmål.

Aller sist kan du snakke med ein religiøs leiar i nærområdet. Elevar kan til tider vere overdrive forsiktige for å vere på den sikre sida, medan det i mange kulturar faktisk er opent for at born og unge skal få lov til å syngje og lære seg.

For ein del elevar er det å vise respekt for kulturelle eller religiøse normer ein måte å skape identiteten sin i gruppa. Det kan påverka i begge retningar. Om eit barn byrjar å syngje kanskje andre blir med – men om eit barn sluttar, kanskje andre kjenner at dei også burde det. Om du veit kven som har den slags rolle i gruppa, kan du gje han eller ho ein positiv posisjon i prosessen, og til dømes late han eller ho dirigere ein song med koret, eller syngje ein solo.

Konsert eller ikkje konsert? Det er spørsmålet.

Det er spanande og inspirerande for elevar å få arbeide med musikk. Å så få vise fram resultatet av arbeidet kan vere ein bonus. Det er mogeleg å organisere ei offentlig framføring, men det er ikkje noko ein må. Det finst gode med begge alternativa. Hugs at alle foreldre er stolte over borna sine, uansett om dei gjer ein konsert eller ikkje, og at prosessen alltid er viktigare enn resultatet.

<u>Prosjekt med framføring</u>	<u>Prosjekt utan framføring</u>
<ul style="list-style-type: none"> • Framføringa gjev høg motivasjon, eit tydeleg mål, ei tydeleg tidsline og eit tydeleg resultat. • Elevane kan bli stolte over å få vise fram kva dei kan. • Det gjer det mogeleg å dele integreringsprosjektet med skulen og lokalsamfunnet. • Det gjer det mogeleg å involvere lokalsamfunnet i prosjektet, også familiar med migrantbakgrunn. • Ei framføring kan også vere ein måte for skulen å få vist seg fram for lokale media, politikarar, sponsorar og så bortetter. 	<ul style="list-style-type: none"> • Ein kan leggje all energi og tid på å arbeide med elevane. • Ein treng ikkje å stresse med fristar eller med å synast for andre elevar, kollegaer, foreldre eller samfunnet. • Ein kan fokusere på deltaking og integrering. • Ein kan bruke morosame songar for å hjelpe borna å lære kjenne kvarandre. Born elsker til dømes å endre teksten i songar. • Det kan bli lettare for born å delta, når dei ikkje må vere med på ei offentleg framføring, og ingen bilete eller filmar kan bli tekne, eller lagde opp på nett. • Eit prosjekt utan framføring kan framleis vere eit fyrste steg mot ein konsert neste år eller semester, når læraren kjenner seg meir komfortabel og røynd med arbeidet.

Det er også mogeleg å planleggje ei intern framføring for til dømes berre foreldre, eller berre for andre born på skulen.

Skap ein gunstig samanheng

Kanskje du har ei nydeleg prosjektskisse, glimrande idéar og perfekt repertoar, men for å faktisk kunne setje i gang aktiviteten må du tilpasse deg den lokale samanhengen. Har du lov til å gjere det du skal? Har du eit rom i skulen du kan nytte? Kven hjelper deg å lage konserten? Korleis kjem lokalsamfunnet til å vere med og dra nytte av songaktiviteten? Har du finansiering til alt som skal gjerast?

Det kan vere lurt å sjå på korleis det ser ut lokalt, og førebu deg på å skape ein så gunstig samanheng som du kan, gjennom å få med deg skulen og andre delar av lokalsamfunnet. Du kjem til å måtte snakke med masse folk, og den delen av førebuinga kjem til å ta ein del tid. Men om det gjer det mogeleg for deg å samle hjelparar og andre lokale krafter, kan du også spare tid seinare i prosessen. Og om det aukar påverknaden du kan gjere på integreringa, vil kvart nedlagt minutt vere verdt det doble.

Sjå på prosjektet ditt frå perspektivet til dei du må overtyde og få med deg. Kvart prosjekt kan bli vinkla i fleire retningar, og har fleire måtar å gjere eit positivt avtrykk. Integrering, deltaking og inkludering passar som regel godt saman med det å lage musikk, som ein del av dei pedagogiske måla.

Bruk det du har

Prosjekt med samsong kan ha mange former, men dei treng ikkje å vere dyre eller kompliserte. Du har allereie tilgang til mange av delane i ei god songøkt, som til dømes:

Du treng:	Du har allereie:
...ein stad der ein kan samlast og syngje.	...tilgang til klasserom, eller ein annan fellessal.
...tid.	...ti minutt om dagen, og det er nok. Samsong treng ikkje å ta tid, men kan bli integrert i klasseromsritualane, eller koplast saman med læreplanen.

Du treng:	Du har allereie:
...musikalske evner.	...denne boka til hjelp. Me trur at alle lærarar kan leie ein songaktivitet i klasserommet, sjølv om dei ikkje har tidlegare røynsler eller utdanning i song, eller om læraren ikkje kjenner at han eller ho kan syngje sjølv.
...songar ein kan syngje.	...tilgang til repertoarhandboka «Sing Me In: Repertoarsamling», som du kan laste ned gratis på www.singmein.eu .
...akkompagnement.	...anten tilgang til ein CD-spelar, høgtalarar ein kan kople til ein smarttelefon, eller noko liknande. Kanskje det finst instrument på skulen ein stad, kanskje til og med eit piano?
...eit høve til å opptre.	...andre klassar eller foreldregrupper du kan syngje for. Du kan også syngje på ei hending på skulen. Som me har nemnt tidlegare er song noko som er ein fleksibel aktivitet, som ikkje treng komplisert eller kostbar logistikk.

Få med deg elevane

Aktiviteten din rettar seg mot heile klassen eller elevgruppa, ikkje berre mot dei med migrantbakgrunn. Målet ditt er sannsynleg å dyrke ei sams positiv kjensle av å høyre til, og å gje elevane eit høve å vere stolt av at dei er ulike, både i språk, fritidsinteresser eller musikalsk bakgrunn. Det at dei er ulike gjer det mogeleg for dei å samhandle med sine jamgamle i og utanfor skulen.

Å syngje saman i ein aktivitet eller eit prosjekt gjer det mogeleg å gløyme det som er skil ein ei stund, og samle gruppa rundt eit sams mål. Som Anne Haugland Balsnes² skriv: «I et kor bidrar alle til å skape en felles klang. Man lærer nye sanger og utvikler seg. Å synge i kor gir mestringsopplevelser som igjen fører til økt selvtillit og opplevelsen av å bety noe, være en ressurs.» Både gruppa og dei einskilde elevane vil ha glede av dette. Kva namn du gjev prosjektet, og korleis du talar om det med elevane, kjem til å utgjere ein stor skilnad.

Få med deg skuleadministrasjonen

I dei fleste tilfelle kan du ikkje gjere noko i skulen utan å i det minste ha løyve frå skuleadministrasjonen. Dette gjeld i enno høgare grad om det krev fleire timar, at du nyttar klasseromma utanfor skuletid, økonomisk støtte, eller noko anna. I så fall må du få med deg skuleadministrasjonen på rett måte, og der har alle skular og alle nasjonale skulesystem ulike prioriteringar. Om skulen din har eit særskilt pedagogisk prosjekt eller opplegg, les grannsamnt gjennom det for å sjå korleis prosjektet ditt kan passe inn, og korleis du kan ordleggje argumenta dine rundt det. Du kan til dømes understreke at:

- Integreringsprosjekt er til nytte for heile skulen, ikkje berre elevar med migrantbakgrunn.
- Samsong har positiv verknad på læringsevnene og studieresultata til elevane.
- Samsong betrar samarbeidet mellom lærarar og klassar.
- Samsong går å knyte til mange delar av læreplanane.
- Samsong er høvesvis billeg.
- Samsong kan gje deg positiv dekning frå lokalavisene.

Ikkje gløym å invitere administrasjonen til øvingane. Del gleda med dei, og om du har pressedekning, sjå til å organisere eit intervju med dei.

Få med deg skulemiljøet

Målet med prosjektet er å sjå til at elevane finn plassen sin i klasserommet. I skulen kan du vurdere å snakke med foredrerepresentantar, dei andre lærarane, eller vaktmeister og reinhaldspersonale, sidan dei kan vere til stor hjelp om du vil organisere ei lita tilskipping.

² Anne Haugland Balsnes (f. 1969) er professor i musikk og forskningsleiar ved Universitetet i Agder og ved Ansgar teologiske høgskule i Kristiansand, Noreg. Ho er også utøvande dirigent og songar.

Få med deg foreldre og familiar

Foreldre, slektingar og føresette kan vere ein fantastisk tilgang for aktiviteten din, særskilt i ein fleirkulturell samanheng. I ein del av prosjekta byrjar dei også å syngje i lag med foreldra, slik at også dei kan få oppleve krafta som ligg i å syngje saman. Har du nokon gong spurt elevane dine om kven av dei som syng heime, eller har musikarar i familien? Kanskje nokre foreldre kan bidra med enkle songar som dei har sunge med borna? Om du i tillegg tek hjelp av nettet, kan du finne hjelp til desse songane, i form av filmar, notar eller tekst.

Om du merker at foreldra er skeptiske til å bruke song og musikk, kvifor ikkje ta med foreldra på nokon songaktivitet? Vis dei kva du gjer med borna, og kva slags songar de syng. Dette kjem til å hjelpe dei å skjønne at det kan vere svært artig med song og musikk. Det kan også vere nyttig for språket til foreldre med migrantbakgrunn.

Få med deg lokalsamfunnet

Målet med prosjektet er å sjå til at elevane også kan finne plassen sin i storsamfunnet. I det tilfellet kan det vere lurt å ta kontakt med lokale barnekor, lokale kulturforeiningar, lokale samfunnshus, biblioteket og andre lokale organisasjonar som driv med ting som har med opphavslanda til borna å gjere. Lat dei få vite kva du held på med, og finn måtar å samarbeide med kvarandre.

Få med deg profesjonelle på området

Alle kan syngje. Alle kan få elevar til å syngje. Dette er sant og påvist. I alle fall, om du ikkje kjenner deg trygg på at du kan setje i stand ein songaktivitet på eiga hand, kan du alltid spørje profesjonelle om hjelp. Det finst mange som legg tida si på å arbeide hardt med musikalske og pedagogiske evner. Dette kan vere kordirigentar, musikk lærarar og instrumentalistar, men også musikkterapeutar og andre med ekspertise på musikkfeltet.

I tillegg finst det ei mengd folk som har utdanning og røynsler med sosiale spørsmål og integrering. I mange tilfelle kjem prosjektet ditt å tene svært mykje på å ta inn kvalifisert profesjonell hjelp. Desse profesjonelle kanskje til og med kan ta av si eiga tid for å hjelpe deg vidare. Nykelen til framgang er å tydeleggjere kva du ventar deg av alle frå fyrstninga. Med utgangspunkt i denne handboka kan du då diskutere idéen og prosjektet, og derifrå utvikle eit sams prosjekt med tydelege mål.

Om du har råd til å leige inn ein kordirigent eller musikkpedagog, kan du vurdere å ta kontakt med din nasjonale eller lokale kororganisasjon, eller den lokale kulturskulen. Lokale kor, eller skular som sjølve har songaktivitetar, kan også gje deg verdfulle kontaktar. Når du samtalar med ein potensiell hjelper, treng du å vere så tydeleg som det får med kva slags mål du har for integreringa, for å byggje samhald og samanheng med det pedagogiske programmet. Å gje kontaktane dine ein kopi av denne handboka kan vere eit godt utgangspunkt for samtalen, for å unngå misforståingar og få i stand eit fruktbart samarbeid.

Sjølvsagt er det slik at det vil koste pengar å leige inn profesjonelle krafter. Det er ikkje mogeleg for oss å gje eit prisoverslag i ei handbok for heile Europa, så det luraste er nok å ta kontakt med ein kororganisasjon i landet for å gje deg innblikk i kor mykje det er vanleg for ein kordirigent i området ditt å få i honorar. Tenk også på at du kanskje ikkje berre må betale for arbeidstida, men også for førebuing, reisekostnader, skatt og sosiale avgifter.

Finn og få med deg ambassadørar

Dei beste ambassadørane for song er borna sjølve, men du kan også finne støtte frå lokale eller nasjonale kjendisar for å gjere reklame for aktiviteten din.

Få med deg media

Folk på utsida av eit prosjekt målar ofte framgangen i kor mykje medial dekning det får. Om du kan fange interessa til lokalavisa eller ein radiostasjon, kan prosjektet lettare få støtte frå skuleadministrasjonen, lokale styresmaktar eller sponsorar.

Når det kjem til prosjekt som arbeider med elevar, kan det at arbeidet deira får merksemd og blir verdsett, verkeleg gje dei ei kjensle av stoltheit, og av å ha oppnått noko. Sjå til at du spør om uttalt samtykke frå foreldra eller føresette, før du delar bilete av elevane i media.

Finn ut av kva de skal syngje

Last ned «Sing Me In: Repertoarsamling»! [Repertoire Guide]

Det er ei gratis rettleiing der du kan finne passende repertoar, songleikar og andre aktivitetar du kan bruke i prosjektet ditt.

www.singmein.eu

No har du både motivasjonen og støtta du treng, men du lurar kanskje framleis på kva du skal syngje, og korleis? Å velje songane og leikane du skal bruke kan vere lettare enn du trur. I denne avdelinga kjem du til å finne nokre generelle framlegg og inspirasjon.

For å hjelpe deg vidare har me også utvikla ei rettleiing i «Sing Me In: Repertoarsamling», som du kan laste ned frå prosjektheimesida vår. I ho finn du ei liste med utvalde songar og øvingar som du kan sjå på og nytte. Dei dekkjer eit stort kulturelt felt, og står organisert etter aldersgruppe. Me har også lagt inn peikarar til videoopptak, slik at du kan få i gang aktivitetar utan å måtte lese notar. Organisasjonen Musicians Without Borders (Musikarar utan grenser) tilbyr også ei rettleiing på nett, som kan vere både motiverande og praktisk:

<https://www.musicianswithoutborders.org/manual/>

Berre hugs at det er vegen som er målet, og at det musikalske resultatet kjem i andre hand – sjølv om kvalitet også kan vere motiverande for born. Ta det sikre før det usikre og ta eit steg i gongen, og byrj med enkle ting for å byggje opp trua på dine eigne evner, og for å byggje opp tilliten frå dine unge songarar. Ein del av det å syngje med born er å hjelpe dei å finne si eiga røyst, røysta dei talar med og røysta dei syng med. Det kan vere skummelt, så sjå til at det å syngje er både morosamt og attraktivt for dei.

Å syngje utan notar – gjenta og herm

Musikk er ljod, så den mest naturlege måten å dele han er gjennom å lytte og herme. Det finst mange ulike måtar å få born til å lære seg songar på øyra. Her er nokre av dei.

Å herme ljodar

Å imitere ein ljod på rett tonehøgde kan vere nokså vanskeleg, men kan nyttast som gruppeaktivitet når ein får til å sende ljoden til nestemann, som så i sin tur sender han vidare om att, og så bortetter.

Andinga er også ein viktig del av å lage ljod. Rett klang får ein gjennom å andast djupt med hjelp av diafragma. Sidan born har ljosare songrøyst enn vaksne er det viktig å velje eit ljost toneleige for dei.

Lær deg songen godt

Sjå til at du som lærar kjenner songen godt nok. Det treng ikkje å tyde at du må ha perfekt intonasjon eller rytme, men ver trygg på at du kjenner oppbygginga til songen. Øv med ljodfil eller video, få greie på at du har rett uttale av teksten, og høyr godt etter.

Når du byrjar å lære ut songen kan du som fyrste steg berre syngje songen, og så late borna gjenta. Det er det lettaste, men ikkje alltid den artigaste eller mest effektive måten, då kan det vere ein mjukare start å lytte fyrst før du syng.

Høyr på songen

Du kan anten syngje sjølv eller nytte ei innspeling. Sjølv om innspeling ofte kan høyrast betre ut, kan det vere meir inspirerande for elevane å høyre røysta til læraren. Elevane kjem til å høyre godt etter, og blir kanskje overraska over at du også syng – og når dei høyrer at du gjer det, er det lettare for dei å bli med.

Still spørsmål om songen

- Kor ofte høyrer borna eit visst ord?
- Kjenner dei att nokre instrument i songen?
- Høyrer dei kva språk songen er på?
- Kva slags kjensle høyrer dei i songen?
- Kan dei finne på nokre rørsler som kan passe til?
- Ville det passe med tromming til songen?

- Har borna instrument heime, som kunne høve til songen, og kan dei i så fall ta dei med?

Hjelp borna å skjønne strukturen.

- Har songen vers og refreng?
- Høyrer dei passasjar som liknar kvarandre?
- Finst det ei tydeleg oppbygging?

For lærarar som kan lese notar, eller dei som ikkje kan det, men tek ting godt på øyra, kan det vere spanande å lage eit grafisk partitur for dei ulike frasane i songen. Lat borna gisse kva del av det grafiske partituret som høver med dei ulike delane av songen. Du kan også skrive ut det grafiske partituret på fleire ark, og late borna setje dei i rett rekkjefylgd.

Desse øvingane er berre nokre få døme for å vise at det å lytte er det fyrste steget, og difor svært viktig. Du kan finne på leikar som er tilpassa songen og din eigen musikalske bakgrunn, utan å faktisk syngje, og late borna bli kjende med musikken på ein avslappa måte.

Etter å ha lytta saman, kjem det til å bli lettare å lære ut songen når de fyrst har byrja å syngje.

No kan du:

- Syngje og late borna herme.
- Byrja å syngje, og så late borna avslutte frasen saman.
- Byrje å syngje, gå rundt, og lat så berre ein person avslutte frasen.

Isbrytarar

Isbrytarar er kjempefine for å late individ i ei gruppe presentere seg for kvarandre for fyrste gong, og for å setje tonen. I klasserommet er dei perfekte verkøy i byrjinga av året, eller når det har kome nye born til klassen. Det er alltid artig å bruke dei, og gjennom å leggje på eit musikalsk og songleg element, kan borna syngje utan å måtte vere redde.

Ein kan finne døme på enkle isbrytarar på nettet. Til dømes har Partners for Youth Empowerment (Samarbeid for myndiggjering av ungdom) samla seminaraktivitetar på <http://pyeglobal.org/workshop-activities-icebreakers/>.

Oppverming

Byrj med ei fysisk oppverming, rist laus kroppen, klapp i hendene, og berre lag ljod. Å syngje er ikkje ein statisk aktivitet, så sjå til at borna ikkje sit ned, lat dei heller røre på seg på ulike måtar.

Namnesirkelen

Dette er eit enkelt døme å arbeide med. Prøv å byrje med å rope ut namna til borna kombinert med at du gjer noko eller lagar ein rytme, til dømes eit enkelt mønster som ein kan lage variasjonar over. Om ein får repetere og samstundes gjere ei rørsle eller hugse ein annan personleg detalj, er det ein sikker teknikk for å lett hugse namn.

- Dirigenten – nummer ein – seier namnet sitt.
- Gruppa gjentek namnet.
- Personen til venstre for dirigenten, altså nummer to, seier så namnet sitt.
- Gruppa gjentek namnet, og går så baklengs, og gjentek alle namn frå person ein og framover.
- Sidan går det vidare til neste person til venstre, som då blir nummer tre.
- Person 3 seier namnet sitt, og gruppa gjentek det.
- Gruppa går så tilbake til byrjinga av sirkelen, og gjentek namna frå person ein, to, og tre, og gjev det vidare till nummer fire. Slik kan mønsteret gå vidare

Neste døme kan vise kor ulike folk er i gruppa.

- Spel eller syng ein song, til dømes ein du skal lære ut seinare. Be borna om å røre seg til musikken.
- Stans musikken, og be borna gå saman to og to.
- Still eit spørsmål, som «Kva er livretten din?», «Er du morgonfugl eller nattugle?», «Kva likar du å gjere på fritida?», eller noko anna.
- Få borna til å fortelje svaret til han eller ho dei står saman med.
- Spel musikken på ny, og få borna til å røre seg.
- Stans musikken, og lat borna velje seg ein ny person å stå med.

- Still eit nytt spørsmål.
- Gjenta fire eller fem gonger med nye spørsmål heile tida.

Her kjem fleire alternativ:

- Slå, klapp, knips, knips: Set i gang ein rytme der alle fyrst slår seg på knea, så klappar hendene saman, så knipsar med høgre hand, og så med venstre. Gjer dette i ein firetakt. Læraren kan så seie namnet sitt under knipsinga, og late borna gjenta. Så seier nestemann namnet sitt, og dette kan då gå heile sirkelen rundt. Du kan anten berre late alle seie namna sine, eller gjere dette med ein variasjon der alle gjentek lista med alle namna som har vorte sagde kvar gong.
- Namn og handling: Leiaren seier namnet sitt og gjer ein gest, og gruppa hermar rørsle. Så går det vidare til nestemann, rundt sirkelen.
- Namn og adjektiv: Alle seier namnet sitt saman med eit adjektiv på same bokstav, til dømes «blide Borghild» eller «drustelege Diego.»

Aktivitetar som viser at me er ulike

Alle er ulike, og høyrer til i fleire ulike undergrupper, med ulike definisjonar. Landet du kjem frå eller den kulturelle bakgrunnen din er berre noko av det som gjer deg til personen du er. Nokre øvingar kan hjelpe gruppa å betre skjønne at alle kan vere ulike.

Som eit døme kan du gjere leikar med gruppeinndeling, der elevane får stille seg anten i grupper eller på rad, ut frå korleis spørsmålet er.

Her er nokre døme:

- Kor mange språk talar du?
- Kor mange språk skjønar du?
- Har du langt eller kort hår?
- Likar du best pizza eller pommes frites?
- Kva språk talar du heime?
- Kva er livretten din?
- Kven har katt heime?
- Kven kan spele eit instrument?
- Kor mange sysken har du?

Musikkleikar

Klapping

Rytme, dans og kroppstromming er viktige og stimulerande verktøy når ein arbeider med born, så bruk dei så ofte du kan. Lette klappeleikar hjelper borna å fokusere seg, og øve konsentrasjonen sin. Fyrst kan du klappe ein rytme, og få borna å også klappe han. Det fyrste målet er å få alle å klappe same rytme, men når du har byrja å jobbe må målet bli å få alle til å klappe heilt likt. Det er ei fin øving for gruppa at alle må sjå på kvarandre for å sjå til at det blir ein og same ljod. Du kan gjere det same med koppar eller slagverksinstrument. Du kan også byrje med eit enkelt mønster, som blir meir og meir samansett di lenger de held på. Det finst døme på korleis dette kan sjå ut på video, som me har lenka til i «Sing Me In: Repertoarsamling», og på www.singmein.eu.

Sirkelsongar

I sirkelsongar sender ein ein ljod, ein melodi eller ein rytme frå den eine til den andre i ein ring. Ein annan variant av det er å sende eit mynt rundt, samstundes som ein syng, og at ein deltakar, som er i midten, skal finne mynten.

Eit videodøme på dette kan du finne i «Sing Me In: Repertoarsamling» og på www.singmein.eu.

Ljod og nonsenstekstar

Det finst mange songar som ikkje byggjer på eit særskilt språk, men berre leiker med ljod. På den måten kan du viske ut språkskilnadene, og sjå til at alle få same utfordringar og moro. Tenk på at somme born ikkje tør å improvisere medan dei syng. For dei kan det vere lettare om dei får bruke rytmar og rørsler.

Det finst videodøme på dette, der nokre nyttar pinnar for ein felles dans, i «Sing Me In: Repertoarsamling» og på www.singmein.eu.

Enkle songar

Song er noko du kan bruke saman med dei vanlege skulerutinane, som å byrje skuledagen, rydde klasserommet, eller å hente ytterklede og vesker.

Til det kan du bruke enkle songar du likar, barnesongar frå landet der du bur, eller sjå i «Sing Me In: Repertoarsamling» og på www.singmein.eu.



Ta pennen fatt og køyr i gang!

Alle opplegg er unike. No er det tid for å setje seg ned og byrje gå igjennom detaljane i prosjektet ditt. Her har me sett opp ei liste med punkt du kan gå gjennom som eit utgangspunkt – men det finst sikkert andre ting som også kan vere nyttige for deg.

Sjekkliste

Førebuingssfas

- Kjenner du elevane dine?
 - Kva musikalsk kunnskap har elevane frå før?
 - Kva musikk seier dei at dei likar?
 - Kva musikk høyrer dei faktisk på, og i kva sjanger og kva kultursfære?
 - Kva ventar elevane seg?
 - Kva språk kan elevane tale eller lese?
- Kva lokale institusjonar kan ha resursar til aktivitetar innan kultur, utdanning eller sosialt arbeid?
- Kva mellomkulturelle opplegg, resurspersonar eller institusjonar kjenner du til i området ditt?

Avgrensingsfas

- Kva er måla med prosjektet ditt?
 - Kva mål har du personleg?
 - Kva mål har elevane?
 - Kva er måla når det kjem til integrering, pedagogikk eller mellomkulturelle relasjonar?
 - Vil du snakke høgt om målsetjingane? Måten du talar om det med borna, foreldra og publikum kan skilje seg frå dei interne målsetjingane, til dømes kan eit integreringsprosjekt på utsida bli oppfatta annleis enn eit reint musikalsk prosjekt.

- Kva format har prosjektet?
 - Kva tidsrammer har du – kor lengje, kor ofte, kva tid?
 - Kva vil du syngje, og kva musikalske leikar har du lyst til å prøve?
 - Kva skal du kalle opplegget, har du tenkt på eit namn? Ynskjer du innspel frå deltakarane?
 - Kven skal halde i øktene? Veit du kvar du skal finne rett person?
 - Korleis heng prosjektet saman med andre aktivitetar i klassen eller skulen? Finst song nokon stad i læreplanane?
- Kva resursar treng du?
 - Kva eksterne resursar treng du? Repertoar? Instrument? Stad? Tid?
 - Skriv ei liste over kor mykje tid du kjem til å leggje ned, både for førebuing, gjennomføring og for rapportering. Sjå til at du har laga eit effektivt opplegg med realistisk tidsbruk.
 - Kor mykje pengar treng du? Kva budsjett har du? Tenk gjennom kor mykje det kjem til å koste å kjøpe notar, CD-plater, å leige profesjonell hjelp, eller å arrangere ein konsert.
 - Tenk på kva type økonomisk støtte du kan få: skulemidlar, kontingentar, innsamlingar, støtte frå lokale styresmaktar, sponsorar, eller samarbeid med andre institusjonar.
 - Kva slags lokale treng du? Tenk på at du treng eit godt rom, med passe mykje atterklang, og som er godt isolert frå støy frå utsida. Freist å unngå altfor mange sanslege stimuli.
- Kva slags støtte treng du?
 - Kan du få støtte frå skuleadministrasjonen eller andre lærarar? Vurder å ha ei økt der du syng med dei andre lærarane, for å vise dei kva du gjer med borna.
 - Kan du få offentleg støtte på lokalt eller regionalt nivå?
 - Korleis kjem du til å informere eller involvere foreldra?

Gjennomføringsfase

- Går prosjektet fram som du hadde sett føre deg?
- Kan du setje fingeren på kva du treng å justere?
- Kan du få tilbakemeldingar frå elevane og identifisere nokre problem?
- Er elevane trygge i prosjektet?

Evalueringsfase

- Har prosjektet gått fram som du hadde sett føre deg?
- Kan du sjå ei utvikling hjå elevane innan...
 - Sosial åtferd og sosiale evner?
 - Læringsevner?
 - Språkevner?
 - Musikalske evner?
 - Lukke?
 - Kjensle av å høyre til?
 - Deltaking?
- Korleis har tilhøva mellom skulen og dei unge migrantane endra seg? Eller mellom dei unge migrantane og...
 - Andre lærarar?
 - Foreldre?
 - Lokalsamfunnet?

Resursar og referansar

Resursar

Sing Me In: Repertoarsamling

Sjå gjerne på repertoarsamlinga me har utvikla som ein fylgjesvein til denne handboka. Du kan finne ho og laste ho ned på www.singmein.eu.

Referansar

Welch, G.F. (2015). Singing behaviour and development across the lifespan. Invited keynote presentation, Berlin, 20th March, 2015. EU 'Singing Cities' Project.

Welch, G.F. (2012). The Benefits of Singing for Children. London: International Music Education Research Centre.

https://www.researchgate.net/publication/273428150_The_Benefits_of_Singing_for_Children

Welch, G.F. (2011). The Benefits of Singing for Adolescents. London: International Music Education Research Centre.

https://www.researchgate.net/publication/273427833_The_Benefits_of_Singing_for_Adolescents